

Framsida

Bacheloroppgåve

Studieprogram: Sosiologi

Opptaksår: 2019

Er oppgåva konfidensiell? (skriv X) NEI: X JA: _____

Kan oppgåva nyttast til undervisningsføremål (anonymt)? JA: X NEI: _____

Forfattar

Studentnr (6 siffer):	Namn:
992323	Eva Hegre

Oppgåva sin tittel:

Språk og makt

Korleis definisjonsmakt over det sanne, det gode og det rette kan vera forankra i det usagte

Rettleiar: Jens Kaae Fisker

Språk og makt

**Korleis definisjonsmakt over det sanne, det gode og det rette kan vera
forankra i det usagte**



**Universitetet
i Stavanger**

Eva Hegre

Bacheloroppgåve i sosiologi 2022

Samandrag

Tema: Språk og makt. Korleis definisjonsmakt over det sanne, det gode og det rette kan vera forankra i det usagte.

Definisjonar påverkar oppfatningane og handlingane våre, og eg har i denne oppgåva sett på definisjonsmakt som påverknadskraft. Skjult makt er mest effektiv, og med utgangspunkt i Bourdieu sitt omgrep symbolsk makt har eg undersøkt korleis definisjonsmakt kan vera forankra i det usagte. Eg har gjort ein retorisk analyse av utsegn der delar av argumentasjonen er underforstått, og eg har dermed nytta enthymem som viktigaste analyseverktøy. Det usagte i eit enthymem kan handla om fakta, allmenngyldige verdiar eller noko det er falsk semje om, og eg har omtalt det som det sanne, det gode og det rette. Dette har eg høvesvis kombinert med omgrepet kontekstuell kunnskap frå Haraway, med verdiordenar frå Boltanski og Thévenot og med sensemaking frå Weick. Slik har eg løfta fram ulike perspektiv og forståingsmåtar for empirien, som hovudsakleg er samfunnsdebattar om natur- og klimaspørsmål. Empirien er henta frå mellom anna ein TV-debatt, avisartiklar og Facebook-innlegg. Eg har plukka ut enkelte utsegn og formulert dei til syllogismar, som er komplett argumentasjon med to premiss og konklusjon. På denne måten har eg vist korleis me kan avdekka det usagte. Det som blir formulert og sagt høgt kan me forhalda oss til og diskutera, og slik kan me som fellesskap ta meir reflekterte val.

Stikkord: Definisjonsmakt, retorikk, enthymem, syllogisme, symbolsk makt, kontekstuell kunnskap, verdiordenar og sensemaking.

Innhald

1	Innleiing	2
2	Teori	5
2.1	Symbolisk makt	5
2.2	Retorikk	5
2.3	Definisjonsmakt over det sanne. Haraway om kontekstuell kunnskap.....	7
2.4	Definisjonsmakt over det gode. Boltanski og Thévenot om verdiordenar	8
2.5	Definisjonsmakt over det rette. Weick om sensemaking.....	9
3	Metode.....	11
4	Empiri.....	13
4.1	Døme på definisjonsmakt over det sanne	13
4.1.1	Produksjon av kunnskap – norske CO ₂ -utslepp.....	13
4.1.2	Bruk og presentasjon av kunnskap – norske CO ₂ -utslepp.....	15
4.2	Døme på definisjonsmakt over det gode.....	17
4.2.1	Utbygging på Kalberg i Time	17
4.2.2	Ekstern konflikt: Kva mål/verdi er viktigast? Kva med kompromiss?	18
4.2.3	Intern konflikt: Korleis kan me oppnå målet?	19
4.2.4	Felles versus private godar. Open versus skjult agenda	20
4.3	Døme på definisjonsmakt over det rette	21
4.3.1	Putin – Situasjonsdefinisjon som premiss for handling	21
4.3.2	Er det rett å bygga bustadar i Stemmenmarka?	21
5	Drøfting og konklusjon	25
6	Referanseliste	30

1 Innleiing

Kva slags samfunn vil me ha? Alle ønsker seg gode liv, men kva er det? Kven styrer kva som er verdifullt og viktig, for oss som enkeltmenneske og for heile samfunnet? Kven påverkar samfunnsutviklinga og korleis gjer me/dei det? I politikken, i arbeidslivet og i kvardagslivet diskuterer me ofte korleis me skal oppnå noko, men kvifor me vil oppnå det er gjerne usagt. Er det usagte alltid sjølvusagt? Kvifor er det verdt å reflektera over det usagte?

Slike spørsmål dannar bakteppet for denne oppgåva om språk og makt. Makt er både det å dominera og det å påverka, altså makt over og makt til (Eriksson-Zetterquist et al., 2014, s. 137-138). Makt er ifølge Lukes mest effektivt når den er minst synleg. Ei form for maktutøving er å påverka folk sine oppfatningar, slik at dei frivillig handlar i tråd med maktthavar sine interesser og mot eigne interesser. Både Lukes og Bourdieu løftar fram at sosial endring forutset at me set ord på det eksisterande, for det usagte kan me ikkje forhalda oss til og ikkje endra (Bourdieu, 1995, s. 245; Eriksson-Zetterquist et al., 2014, s. 137-140; Haugaard, 2003, s. 101; Lukes, 2005, s. 1, 13).

Eg ser definisjonsmakt som påverknadskraft, og med definisjonsmakt meiner eg makt til å definera blant anna fakta, verdiar, situasjonar og handlingar. Rapporten etter makt- og demokratiutgreiinga understrekar at omgrep og meiningskategoriar påverkar korleis me oppfattar verkelegheita og at språkbruk er ein del av maktkampen i samfunnet (NOU 2003:19, 2003, s. 45). Ved hjelp av retorikk prøver me å overtyda kvarandre om korleis me bør leva og organisera samfunnet (Kjeldsen, 2014, s. 56). Eg meiner at natur- og klimautfordringane syner at me må gjera store samfunnsendringar, og då er makt og fordeling av denne eit sentralt tema.

Tema for oppgåva er: Språk og makt


Problemstillinga er: Korleis kan definisjonsmakt vera forankra i det usagte?

Eg undrar ofte på kva som er usagt og underforstått. Det hender eg mistenker nokon for å ha ein bevisst skjult agenda, men oftast handlar det om at eg ønsker å få fram usagte premiss for å kunna diskutera dei. Eg undersøker derfor i tillegg: Korleis kan me avdekka det usagte og slik få meir reflekterte diskusjonar?

Føremålet mitt er å peika på skjult påverknad gjennom usagte definisjonar og å oppmoda om å diskutera det usage, og bak dette ligg eit håp om at meir refleksjon fører til grønar samfunnsutvikling. Det analytiske startpunktet er Bourdieu sitt omgrep symbolsk makt. Ifølge Bourdieu utøver dei dominerande gruppene makt gjennom å klassifisera verda slik at deira egne privilegium verkar naturlege (Aakvaag, 2008, s. 158). Bourdieu har eit konfliktperspektiv og peikar på strukturell determinisme. Eg vender meg deretter til retorikken for å finna språklege analyseverktøy, og eg forhold meg mest til logos og nærare bestemt enthymem. Dette er sakleg argumentasjon med premiss og konklusjon, men der delar av argumentasjonen er usagt. Det er tre typar slutningar, basert på om premissen bygg på fakta, på allmenngyldige verdiar eller på noko det er falsk semje om (Vestrheim, 2018).

Vidare set eg desse tre typane i samanheng med ulike samfunnsfaglege teoriar. Slik kan eg nytta fleire perspektiv på definisjonsmakt og finna fleire verktøy til analysen. Eg koplar faktapremiss saman med Haraway sin påstand om at vitskap ikkje er nøytralt og nyttar hennar omgrep kontekstuell kunnskap (Hellstrand, 2019). Eg koplar allmenngyldige verdiar saman med Boltanski og Thévenot sin aktørfokuserte teori om verdiordenar (Boltanski & Thévenot, 2006), og eg koplar premiss det er falske semje om saman med Weick sitt organisatoriske omgrep sensemaking (Weick, 1995).

Ved hjelp av dei ulike teoriane ser eg på korleis definisjonsmakt over det sanne, det gode og det rette blir utøvd i den offentlege samfunnsdebatten, med hovudfokus på natur- og klimasaker. Eg undersøker avisartiklar, heimesider, Facebook-innlegg og videoar og analyserer argumentasjon som bygg på det usagte. Eg kjem med forslag til komplett argumentasjon, og slik synleggjer eg korleis me kan få fram det usagte for å reflektera over det. Teorien og empirien heng saman som vist under i figur 1.1:



Figur 1.1: Struktur på teori og empiri

2 Teori

Som nemnt vil eg nytta ei rekke teoriar og omgrep for å undersøka definisjonsmakt gjennom det usagte, og eg startar med Bourdieu.

2.1 Symbolsk makt

Bourdieu var ein konfliktteoretikar som ønska å avdekka usynlege former for makt og dominans. Hans omgrep symbolsk makt inneber at dominerande grupper klassifiserer verden på måtar som fremjar egne interesser. Deira privilegium vert dekkja til og framstår som naturlege (Aakvaag, 2008, s. 148, 158), og dei dominerande oppnår fordelar i det sosiale livet fordi dei har kapital. Bourdieu deler inn i økonomisk, kulturell og sosial kapital, og høg kapital medfører symbolsk makt (Aakvaag, 2008, s. 151-152). Kampen om symbolsk makt heng saman med kampen om plassering i klassestrukturen. Han peikar på kor paradoksalt det er om me oppfattar språket som eit reint instrument for logikken og ikkje tek omsyn til maktkampane (Bourdieu, 1995, s. 232-233, 245).

Det sosiale rommet er Bourdieu sitt omgrep for sosioøkonomisk status. Det kan illustrerast som ein graf der den eine aksen står for økonomisk kapital og den andre for kulturell kapital. Ifølge Bourdieu er preferansane, haldningane og verdiane våre påverka av plasseringa i det sosiale rommet, slik at me verdset høgast det me har mest av. Val og handlingar er dermed hovudsakleg strukturelt determinerte, og det er lite rom for refleksjon og endring (Rosenlund & Prieur, 2006; Rosenlund & Vassenden, 2015, s. 93; Aakvaag, 2008, s. 150-168).

Sjølv om Bourdieu som nemnt peika på at språket ikkje er nøytralt, blir hans tilnærming til språk kritisert av Aakvaag. Han skriv at Bourdieu ser språket som den viktigaste måten å utøva skjult makt, og at Bourdieu dermed legg for lite vekt på korleis språket kan nyttast maktkritisk (Aakvaag, 2008, s. 168-169). For å finna ut meir om språk og makt vender eg nå blikket mot retorikken.

2.2 Retorikk

«Retorikk er kunsten å overtale, å vinne frem med sitt syn ved hjelp av ord» (Vestheim, 2018, s. 13). Martin peikar på at nokon set retorikk opp mot «sanninga» som skjuler seg

bak orda, og at retorikk dermed er ein måte å dekkja over dei eigentlege intensjonane. Han motargumenterer og hevdar at demokrati forutset meningsutveksling og overtaling (2014, s. 3). Offentlege samfunnsdebattar handlar ikkje om sanningar, men om normer, verdiar og val. Det er legitimt å vera usamde, og me nyttar retorikk for å overtyda kvarandre om korleis me bør organisera samfunnet og leva liva våre (Kjeldsen, 2014, s. 56-58, 73-75). Makt-elementet er likevel relevant, for det å overtyda andre inngår like gjerne i større maktkampar og ved koalisjonsbygging som i kvardagslege situasjonar (Martin, 2014, s. 7). I tråd med Vestrheim ser eg retorikk både som eit middel til å utøva makt og eit middel til å avsløra makt (2018, s. 9).

Og kva seier retorikken om det skjulte? Omgrepet enthymem gjer innsikt i dette, og omgrepet høyrer til under appellforma logos. Retorikken skil mellom etos, patos og logos. Etos appellerer til talaren sitt truverd, patos appellerer til publikum sine kjensler og logos appellerer til publikum si fornuft. Etos avheng mellom anna av talaren sin posisjon. Logos kan vera eit eksempel, som er induktivt og går frå tilfelle til regel, eller det kan vera eit enthymem, som er deduktivt og går frå regel til tilfelle (Johannessen et al., 2018, s. 192, 195; Vestrheim, 2018, s. 29, 125).

I enthymemet er det noko usagt; det er ein mangelfull syllogisme. Ein syllogisme inneheld argumentasjon med to premiss og konklusjon (Eide, 1999, s. 118; Martin, 2014, s. 60). «Eg stolar ikkje på deg, fordi du er politkar» er eit enthymem som manglar eit premiss. Regelen manglar. Formulert som syllogisme kunne det vore slik: «Me kan ikkje stola på politikarar. Du er politkar. Eg kan ikkje stola på deg» (Vestrheim, 2018, s. 130). Konklusjonen i ein syllogisme er logisk og udiskutabel, men berre dersom me godtek premissa (Vestrheim, 2018, s. 125). I enthymemet kan konklusjonen vera usagt (Eide, 1999, s. 118), men vanlegvis er det eit premiss som manglar (Martin, 2014, s. 61; Vestrheim, 2018, s. 126). Det finst tre typar slutningar, avhengig av kvaliteten på premissa:

- Vitskapelege slutningar: basert på det sanne, sikker kunnskap, fakta
- Dialektiske slutningar: basert på doxa, det allmenngyldige
- Eristiske slutningar: basert på falsk semje, premiss det står strid om

Typane overlappar kvarandre, og det kan til dømes vera strid om kva som er sikker kunnskap eller allmenngyldige verdiar (Vestrheim, 2018, s. 128-129). Til analyseføremål

er det likevel nyttig å bruka fleire omgrep, fordi det opnar for ulike tilnærmingar. Eg vil derfor sjå på typane kvar for seg og knyta dei opp mot kvar sine samfunnsfaglege teoriar (Johannessen et al., 2018, s. 21).

Det usagte kan altså vera fakta, noko allmenngyldig eller noko det er falsk semje om, og i denne oppgåva kallar eg det definisjonsmakt over det sanne, det gode og det rette. For å belysa det sanne, vender eg meg til Haraway og kontekstuell kunnskap. For å belysa det allmenngyldige, vender eg meg til Boltanski og Thévenot og verdiordenar for legitimering. For å belysa det rette, vender eg meg til Weick og sensemaking; kva er rett tolking av situasjonen og kva er rett handling?

2.3 Definisjonsmakt over det sanne. Haraway om kontekstuell kunnskap

«Fakta er at ...» eller «Ny forskning viser at ...». Slik startar ofte argumentasjon der nokon vil overtyda andre ved hjelp av kunnskap. I kunnskapssamfunn som vårt forventar me gjerne at politiske vedtak skal vera baserte på vitenskap. Idealet er å forhalda oss til objektive fakta og ikkje til personlege meiningar. Det me kallar kunnskap, fakta eller vitenskap, det skal vera nøytralt og sant.

Men er fakta nøytralt? Korleis heng kunnskap og makt saman? Donna Haraway (1988) har peika på at vitenskapen historisk har vore knytt opp til det militære, til kapitalismen, til kolonialismen og til patriarkatet. Ingen kan med rette hevda at deira vitenskap er nøytral, og det finst ikkje noko slikt som «the gaze from nowhere», for all vitenskap er situert (Asdal et al., 1998, s. 120; Haraway, 1988, s. 581). Haraway understrekar at «[...] kunnskap om verden, aldri er nøytral, men snarere noe som produseres på grunnlag av mange av de samme maktstrukturene og inkluderings- og ekskluderingsmekanismer som andre samfunnsstrukturer» (Hellstrand, 2019).

Haraway sin påstand om at kunnskap er kontekstuell inneber at kunnskap blir skapt i kontekst og brukt i kontekst. Det inneber også at etablert kunnskap og etablerte sanningar kan endrast. Kva me ser som rasjonell kunnskap er stadig under diskusjon mellom ulike makthavarar. Kunnskapen blir koda, dekode, omsett og kritisert (Haraway, 1988, s. 590; Hellstrand, 2019). I følge Haraway er det ikkje klare grenser mellom vitenskap og retorikk. Vitenskapen sitt språk er ikkje nøytralt eller reint formidlande, for språket påverkar kva

sanningar som blir skapte. Det er heller ikkje klare grenser mellom vitenskap, politikk og etikk, for kunnskap handlar om politikk, trua på den beste kunnskapen, makt og prestisje (Asdal et al., 1998, s. 6, 38, 132).

Dersom Vestrheim og Haraway hadde formulert noko i lag, ville dei kanskje sagt: «Tenk på definisjonsmakt over kunnskap når du høyrer argument som bygg på underforstått kunnskap».

2.4 Definisjonsmakt over det gode. Boltanski og Thévenot om verdiordenar

Kva slags argument er legitime når me vil overttyda, rettferdiggjera eller kritisera? I følge Boltanski og Thévenot sin pragmatiske teori forhold me oss til allmenngyldige oppfatningar om kva som er moralsk og rettferdig. Teorien bygg på trua om at alle menneske inngår i eit stort fellesskap og at me har opparbeida felles oppfatningar om kva som er godt for fellesskapet (Blok, 2013, s. 532, 536; Boltanski & Thévenot, 2006, s. 37-40). Me kan definera og måla det gode på mange måtar, og dei viste til seks verdiordenar (Boltanski & Thévenot, 2006; Skarpenes & Hestholm, 2007):

Marknad - Pengar og alt som kan kjøpast og seljast, konkurranse, eigeninteresser

Industriell - Effektivitet og produktivitet

Sivil - Kollektivet sitt velferd, demokrati, solidaritet

Heimleg - Tradisjonar, hierarkiske strukturar

Inspirasjon - Det unike, kreativitet, engasjement

Opinion - Heider og ære, popularitet

Verdiordenane er avhengige av kontekst, og i ettertid er det foreslått ein prosjektbasert orden og ein grøn orden (Larsen, 2019, s. 46-47). Den grønne handlar om økologisk berekraft. Den kan vera ein orden på linje med dei andre, der natur er eit middel til å oppnå noko godt for menneska. Alternativt kan den vera ein orden som famnar om heile økosystemet, der natur er eit mål i seg sjølv (Thévenot et al., 2000, s. 262).

Verdiordenane er i utgangspunktet likeverdige, og det er situasjonsavhengig kva argument og verdiorden som er mest legitime (Larsen, 2019, s. 44). Det kan oppstå både intern og ekstern konflikt: Intern konflikt er usemje om kva argument som er legitime innan ein gitt

verdiorden, og ekstern konflikt er usemje om kva verdiorden som er mest relevant i ein gitt situasjon (Blok, 2013, s. 539; Skarpenes & Hestholm, 2007, s. 92-93). Om me argumenterer ut frå ulike verdiordenar, kan me ikkje oppnå full semje men må søka å inngå kompromiss. Kompromisset er skjørt dersom det ikkje er klart kva verdiar me balanserer (Boltanski & Thévenot, 2006, s. 20). Opne diskusjonar og kritikk er bra fordi det kan fremja kreative endringsprosessar (Blok, 2013, s. 539).

Dersom Vestrheim hadde formulert noko i lag med Boltanski og Thévenot, ville dei kanskje sagt: «Tenk på definisjonsmakt over allmenngyldige verdiar når du høyrer argument som bygg på underforståtte verdiar».

2.5 Definisjonsmakt over det rette. Weick om sensemaking

Omgrepet sensemaking handlar bokstaveleg talt om å «make sense», altså å gje eller skapa meining (Weick, 1995, s. 4). Sensemaking er å setja ord på ein situasjon og dermed laga grunnlag for handling. Sensemaking kan også vera retrospektivt ved at me tolkar handlingar i ettertid for å gjera dei meiningsfylte, men slik vekselverknad går eg ikkje inn på (Weick et al., 2005, s. 409, 411-412). Det er særleg i tvitydige situasjonar me har behov for å tolka og strukturera det ukjente (Weick, 1995, s. 5, 93), og då startar me sensemakingprosessen med å sortera ut enkelte element blant alt som skjer rundt oss (Weick et al., 2005, s. 411). Eg vil ut frå dette sei at definisjonsmakta ligg både i å definera kva element som er viktige, korleis desse elementa skal tolkast og kva som er passande respons.

Weick framstilte først sensemaking som reint demokrati der kvar stemme tel likt (Weick, 1995, s. 6). I ein seinare samarbeidsartikkel løfta dei fram Mills sitt poeng om at rike, mektige folk lettare får tilgang til posisjonar som gjer dei stor påverknadskraft over den sosiale røynda (Weick et al., 2005, s. 418). Også Klemsdal hentar opp dette poenget når han hevdar at leiarposisjonen medfører større rom for å driva sensemaking, fordi leiarar har formell kontroll, dei er signifikante andre, har overblikk og kan prioritera (Klemsdal, 2013, s. 208-209). Posisjon spelar altså ei rolle, men Weick formidlar at sensemaking er både ein individuell og ein sosial prosess og at desse kan vera vanskelege å skilja (Weick, 1995, s. 6). Eg har allereie omsett sensemaking til det å gje meining, men på engelsk finst også omgrepet sensegiving. Det tyder å skapa meining overfor eit publikum, og Gioia og

Chittipeddi seier at sensemaking er ufullstendig utan sensegiving (Weick et al., 2005, s. 416).

Dersom Vestrheim og Weick hadde formulert noko i lag, ville dei kanskje sagt: «Tenk på definisjonsmakt over kva som er rett tolking når du høyrer argument som bygg på underforstått situasjonsoppfatning».

3 Metode

Eg har studert makt og språk for å få auka innsikt i føresetnadar for samfunnsending. Føremålet har altså vore å utforska, skildra og forstå. Føremålet har også vore å endra argumentasjonsmåtar (Halvorsen, 2008, s. 40), og eg har vist korleis me kan fremja refleksive diskusjonar gjennom å få fram det usagte.

Eg har gjort ein retorisk analyse, med vekt på argumentanalyse (Bratberg, 2018, s. 126-154), for å visa korleis me kan avdekka skjult makt. Dette har eg kombinert med andre teoriar og slik presentert fleire sosiologiske perspektiv på mellom anna aktør-struktur, konflikt-konsensus og endring-stabilitet. Det å kombinera teoriar har vore ein styrke, for det har gitt meg fleire analyseomgrep og dermed ei meir nyansert tilnærming til empirien (Johannessen et al., 2018, s. 21-39). På tross av breidda har eg hatt enthymem og syllogismar som ein rød tråd gjennom oppgåva (Rienecker & Jørgensen, 2013, s. 38). Eg har henta teori frå fire emnar i Sosiologi og eit emne i Nordisk. Utfyllande teori har eg funnet ved søk i Oria og Idunn og etter snøballprinsippet. Eg har elles henta tips frå masteroppgåver om retorikk som eg fann i Brage. Framgangsmåten har vore deduktiv, då eg har tatt utgangspunkt i teori.

Det går fram av teoridelen korleis eg har bunde ulike former for retoriske slutningar saman med samfunnsfaglege teoriar, så her vil eg berre kommentera kvifor eg har valt Weick. Hans omgrep sensemaking er ikkje nødvendigvis knytt opp til falsk semje, men eg valde hans omgrep delvis for å få med organisasjonsteori og mesonivået. Den viktigaste grunnen var likevel at hans kopling mellom tolking og handling ligg nært opp til enthymemet si kopling mellom premiss og konklusjon.

Når det gjeld empirien, så planla eg først å gjera eit litteraturstudie. Eg tenkte å sjå på artiklar og bøker som omtala språket si rolle ved planlagde organisasjonsendingar. Etter innspel frå rettleiar har eg heller sett på aktuelle samfunnsdebattar. Eg har hovudsakleg vist til natur- og klimadiskusjonar men har i tillegg kort omtalt ytringar frå Putin. Empirien er henta frå eit breitt utval kjelder: TV-debatt, avisartiklar, heimesider, Facebook-artiklar og videoar. Breidda viser at argumentasjon og språkleg påverknad finst «over alt» og skjer på mange måtar. Utvalet er ikkje representativt men strategisk ut frå kva som er relevant for problemstillinga (Halvorsen, 2008, s. 164). Slik eg har skilt mellom definisjonsmakt over

det sanne, det gode og det rette i teoridelen, slik har eg også skilt når eg har presentert og analysert empirien. Eg har samla drøftinga i siste kapittel, og eg har valt å fokusera på korleis dei ulike teoriane utfordrar og utfyllar kvarandre (Rienecker & Jørgensen, 2013, s. 222). Det empiriske utvalet reflekterer mitt engasjement for natur og klima, men metoden er overførbar på andre samfunnstema (Ringdal, 2018, s. 247).

Ein ulempe med å kombinera fleire teoriar er at eg har måtta velja vekk vesentlege sider av retorikken. Dermed har eg ignorert patos, eg har sagt relativt lite om den retoriske situasjonen, og eg har heller ikkje sett på kor vidt argumentasjonen vinn fram (Bratberg, 2018, s. 126-154; Johannessen et al., 2018, s. 188-192). Eg har påstått at å avdekka det usagte kan medføra auka refleksjon og dermed andre handlingar, men når eg ikkje har analysert kva effektar skjult argumentasjon kan ha, så manglar eg eigne data som underbygger denne påstanden. Ut frå teoriane om skjult makt, vil eg likevel oppretthalda påstanden min. Det kan også vera ein svakheit at eg har snakka om «me» utan å presisera kven det er. Til dette vil eg sei at «me» generelt tyder «alle», utanom dei stadene eg eksplisitt har nemnt media.

Elles kan eg opplysa om at eg ikkje har handsama andre personopplysningar enn dei som allereie er offentlege, så oppgåva er ikkje meldepliktig til NSD.

4 Empiri

Korleis kan me i praksis sjå definisjonsmakt og påverknadskraft gjennom det usagte? For å analysera dette tek eg utgangspunkt i Vestrheim sine ord:

Retorikken søker ikke sannhet, men overtalelse, og derfor er retorisk språkbruk gjerne upresis, og premissene for en konklusjon uklart eller mangelfullt uttrykt. For den som vil analysere retorisk språkbruk gjelder det derfor å *finne enthymemet* og å *formulere det syllogistisk*, da kan man også vurdere premissenes holdbarhet og slutningens gyldighet. (Vestrheim, 2018, s. 126)

Eg formulerer syllogismane slik: SIDAN ..., OG ..., SÅ ...

4.1 Døme på definisjonsmakt over det sanne

Vitskaplege slutningar bygg på det sanne, og eg nyttar vekselvis orda fakta, kunnskap og vitskap. Eg syner argumentasjon der faktapremissen/regelen er usagt. Samtidig peikar eg på definisjonsmakt gjennom å vera kunnskapsprodusent og å presentera fakta.

Ei av dei store politiske sakene er norsk olje- og gassproduksjon i relasjon til klimautfordringane. Dette var blant temaa under partileiardebatten i Arendal før valet i 2021 (NRK, 16.08.2021).

4.1.1 Produksjon av kunnskap – norske CO₂-utslepp

Une Bastholm framførte ein fullstendig argumentasjon slik, 35:00 ut i debatten:

Vi vet alle om FN sitt klimapanel sin rapport for en uke siden. FN sin generalsekretær var helt tydelig til alle verdens land om at vi er nødt til å slutte å lete etter mer fossil energi; kull, olje og gass. Norge er en olje- og gassnasjon. Vi må selvfølgelig ta den beskjeden og sette i gang med å slutte å lete etter stadig nye olje- og gassforekomster [...]. (NRK, 16.08.2021)

Argumentet kunne vore formulert i ein syllogisme slik: SIDAN alle må slutta å leite etter olje og gass, OG me er ein olje- og gassnasjon, SÅ må me slutta å leita.

Sjølv om argumentasjonen er komplett, finst det fleire usagte premiss. Eit er at utslepp frå fossil energi er skadeleg for klimaet. Eit anna er at første steg for å stoppa utslepp er å stoppa å leita etter nye førekomstar. Desse premissa er det ikkje debatt om. Eit usagt premiss som eg kjem tilbake til, er at alle land har eit felles ansvar for å redusera dei globale utsleppa. Eit anna usagt premiss er at norsk produksjon medfører auka globale utslepp. Om eg antek at dette er Bastholm sitt syn, kunne syllogismen vore slik: SIDAN utslepp frå fossil energi er skadeleg for klimaet, OG norsk produksjon medfører auka globalt utslepp, SÅ må me slutta å leita. Den usagte premissen om at norsk produksjon aukar globale utslepp sa ho eksplisitt seinare i debatten, 48:09. Då kommenterte ho samtidig kunnskapsproduksjonen:

SSB, ti ledende økonomer i Norge hadde en artikkel også, og tok til orde for og sa at det som er mest sannsynlig er at noe av den oljen og gassen vil bli erstattet, særlig olja, i andre land, men ikke alt, så det vil ha en viktig global effekt at Norge faser ut [...]. (NRK, 16.08.2021)

Programleiar Fredrik Solvang responderte med å sei at «[...] Rystad Energy kommer med en rapport om noen uker som sier det stikk motsatte, at det antakelig kan ha en negativ effekt». I følge Haraway (1988) er det ikkje tilfeldig at dei to rapportane har ulik konklusjon, då all vitskap er situert. Solvang kunne med sitt innspel så tvil om Bastholm sin etos og om kor vidt rapporten var truverdig (Vestrheim, 2018, s. 78), og eg vil sei at han på den måten utfordra Bastholm si definisjonsmakt over sanninga.

Ingen av partane kommenterte Solvang sitt innspel om Rystad-rapporten under debatten, då rapporten ikkje var publisert og dermed ukjent for dei fleste, men innspelet fekk merksemd i etterkant. Sidan rapporten var bestilt av bransjeforeninga Norsk olje og gass, vart Solvang kritisert for å ha presentert den som nøytrale fakta (Myrset & Vikingstad, 31.08.2021). Det vart også diskutert kor vidt SSB-rapporten Bastholm refererte til var nøytral. Då NRK forsvarte at dei ikkje hadde opplyst om at Rystad Energy-rapporten var finansiert av Norsk olje og gass, sa dei at dei heller ikkje hadde opplyst om at SSB-rapporten var finansiert av Naturvernforbundet. Dette vart seinare tilbakevist av Bastholm, som sa ho hadde vist til ein SSB-artikkel frå 2013 som ikkje var eksternt finansiert (Wig et al., 17.08.2021). Eg antek at presiseringa frå Bastholm tyder at ho vurderer SSB som meir nøytral enn Naturvernforbundet.

Kritikken av Solvang og Rystadrapporten set søkelys på at kunnskap og makt heng saman. Med Haraway sitt omgrep kontekstuell kunnskap og Bourdieu sitt omgrep symbolsk makt i bakhovudet, er det verdt å reflektera over kva maktstrukturar som har påverka kunnskapsproduksjonen (Hellstrand, 2019; Aakvaag, 2008, s. 148-152). Som Haraway peika på, ser me at det er flytande grenser mellom retorikk, politikk og vitskap (Asdal et al., 1998, s. 6, 38). Kunnskapsproduksjon kan vera eit bevisst politisk verkemiddel, slik dette utdraget syner:

Torbjørn Giæver Eriksen, leder for samfunnskontakt og politikk i Norsk olje og gass, er åpen om at målet er [å] påvirke valgkampen.

– I en valgkamp hvor det er mange partier som faktisk vil avvikle norsk olje- og gassnæring, er det viktig å få fram kunnskap. Så vi ser fram til en faglig debatt, sier den tidligere Ap-politikeren til NTB. (NTB, 31.08.2021)

Det er elles verdt å merka seg eit usagt premiss hos Eriksen, for han seier underforstått at dei som vil avvikla ikkje har nok kunnskap. Eg vil tru at motparten vil hevda at det ikkje handlar om manglande kunnskap men om ulik kunnskap.


Til å analysera denne debatten kunne eg også sett på definisjonsmakt over det gode: Kva er allmenngyldige verdiar og korleis kan me oppnå kompromiss mellom ulike verdiar? Eg kunne elles sett på definisjonsmakt over det rette: Kva kunnskap er det strid om, og kva element er verdt å leggja vekt på? Punkt 3 i Rystadrapporten seier at «Tiltak som bidrar til å redusere etterspørselen etter olje og gass er langt mer effektivt enn tilbudssidepolitikk» (Sanner, 31.08.2021), så kvifor handlar ikkje diskusjonen meir om å redusera forbruket? For å halda fokuset på definisjonsmakt over det sanne, går eg vidare til bruk og presentasjon av kunnskap.

4.1.2 Bruk og presentasjon av kunnskap – norske CO₂-utslepp

Som eg nettopp har vist, er det gjerne kamp om retten til å definera kunnskap. Det er også relevant å sjå på korleis kunnskap blir brukt, altså kor vidt kunnskap blir definert som relevant og korleis kunnskap blir presentert.

I det første sitatet frå Bastholm var det som nemnt eit usagt premiss om at alle land har felles ansvar for å redusera dei globale utsleppa. Erna Solberg argumenterte seinare utan å forhalda seg til den premissen, då ho 43:07 sa følgande: «Parisavtalen bygger på én ting; den bygger på at du skal håndtere de utslippene der de forekommer. Vårt ansvar er å håndtere utslippene fra produksjonen av olje og gass» (NRK, 16.08.2021). Her er eit nytt usagt premiss om at me treng ikkje forhalda oss til utslepp som kjem frå forbruk av norsk olje og gass i utlandet. Som syllogisme kunne det vore slik: SIDAN me ifølge Parisavtalen berre har ansvar for nasjonale utslepp, OG me dermed ikkje har noko ansvar for utslepp frå forbruk i utlandet, SÅ kan me fortsetja norsk leiting og produksjon. Ja, om me er einige i at denne premissen er fakta, då er konklusjonen gyldig. Om me avviser premissen og heller tenker at målet er å redusera globale utslepp, då er argumentasjonen ikkje haldbar lenger (Vestrheim, 2018, s. 130). Enthymem forutset konsensus og prøver å skapa den der den ikkje finst (Vestrheim, 2018, s. 134). Dersom alle godtek Solberg sin premiss om at berre nasjonale utslepp tel, oppnår ho konsensus og definerer i tillegg rapportane som irrelevante. Posisjonen som dåverande statsminister ga ho relativt mykje symbolsk makt og påverknadskraft til å leggja premiss for utsleppdiskusjonen (Aakvaag, 2008, s. 148-152).

Måten kunnskapen eller premissa blir presenterte på er også ein form for logisk argumentasjon (Kjeldsen, 2014, s. 49-50; Martin, 2014, s. 142). NRK hadde ein artikkel som demonstrerte at fakta kan visast fram på mange måtar (Topdahl et al., 01.11.2021), og eg har tillating til å nytta illustrasjonar derifrå. Figur 4.1 er tre visuelle presentasjonar av norske utslepp, og den til venstre og den i midten er ulike måtar å framstilla Solberg sitt premiss på. Den til høgre viser premissen om at me har ansvar for utslepp både nasjonalt og globalt.



Figur 4.1. Tre visuelle presentasjoner av norsk CO₂-utslepp (Topdahl et al., 01.11.2021)

Illustrasjonen til venstre syner kor mange tonn CO₂-utslepp kvart land har innanfor egne landegrensar. Den i midten syner også utslepp innanfor landegrensene, men fordelt per innbyggjar. Illustrasjonen til høgre syner totalt utslepp, altså utslepp frå både produksjon og forbruk i Noreg og forbruk av norsk olje og gass i utlandet. Alle illustrasjonane syner fakta, men presentasjonsmåten påverkar korleis me oppfattar desse fakta.

Oppsummering av empiri – Definisjonsmakt over det sanne

Gjennom desse døma har eg synt korleis produksjon av kunnskap og bruk av kunnskap kan vera forsøk på å påverka. Argumentasjon som bygg på fakta er ikkje nødvendigvis nøytral, for det handlar i stor grad om definisjonsmakt.

4.2 Døme på definisjonsmakt over det gode

Her går eg over til å sjå på dialektiske slutningar. Teorien om verdiordenar argumenterer for at me er refleksive og kritiske aktørar som legitimerer ut frå allmenne oppfatningar (Blok, 2013, s. 529-530), og eg vil visa argumentasjon der det usagte handlar om verdjar.

4.2.1 Utbygging på Kalberg i Time

I Time kommune er det debatt om fleire utbyggingsprosjekt, og særleg Kalberg-området har vore omstridt (Sveen, 27.04.2021). Det handlar om etablering av datasenter og annan kraftkrevjande industri på landbruksareal på Kverneland.

4.2.2 Ekstern konflikt: Kva mål/verdi er viktigast? Kva med kompromiss?

Tidleg i prosessen diskuterte kommunestyret planarbeidet, og eit argument for utbygging kom frå Enevoldsen:

[...] politisk flertall for å legge hele planen ut på høring, etter at Lars Enevoldsen (uavhengig) i helgen kom til at han trakk sitt eget kompromissforslag. Årsaken var nye opplysninger om batterifabrikkar som kunne åpne for mange nye arbeidsplassar [...]

– Det vil være uansvarlig hvis vi ikke vil vurdere om dette kan bli en ny næring for vår region og vår kommune, sa Enevoldsen. (Sveen, 15.12.2020)

Her antek eg at Enevoldsen som politiker ser arbeidsplassar som eit gode for sivilsamfunnet og legitimerer ut frå sivil verdiorden. Eg tolkar dermed Enevoldsen slik: SIDAN arbeidsplassar er bra for sivilsamfunnet, OG datasenter og batterifabrikkar vil medføra mange arbeidsplassar, SÅ må me ta samfunnsansvar og leggja til rette for utbygging. At arbeidsplassar er viktigare enn natur er då eit usagt premiss. Ein annan politiker argumenterte mot utbygging og ordla seg slik:

I kommunestyret konstaterte Sverre Risa (Krf) at jordvern i slike saker har lett for å tape mot arbeidsplassar.

– Men vi får en stadig påminning om at matproduksjon er viktig, sist med Fredsprisen. På Jæren midt i matfatet har vi et spesielt ansvar, sa Risa. Han mente planene for Kalberg hadde gått alt for fort og de ville ødelegge hele Kalberg som jordbruksområde. (Sveen, 15.12.2020)

Syllogismen hans kan formulerast slik: SIDAN natur er viktig for å sikra matproduksjon, OG utbygging på Kalberg vil ødelegga naturområdet, SÅ bør me ikkje bygga ut. Dette argumentet er basert på grøn verdiorden, og det er underforstått at natur er definert som viktigare enn arbeidsplassar.

Her ser me ein ekstern konflikt, det vil sei at partane legitimerer ut frå ulike verdiordenar (Blok, 2013, s. 539). Kva verdi som er viktigast vil elles vera avhengig av situasjonen (Larsen, 2019, s. 44). Enevoldsen brukte arbeidsplassar som det tyngste argumentet, men i andre situasjonar blir arbeidsplassar nedprioritert. Det ser me i tilfelle der firma

omorganiserer eller automatiserer for å bli meir effektive (industriell) og få auka inntening (marknad) (Hansen, 11.11.2021).

Omgrepet verdiordenar opnar for mange likeverdige måtar å definera det gode på. Det er ikkje krav eller forventning om konsensus, og ofte er det nødvendig å inngå kompromiss (Larsen, 2019, s. 44; Skarpenes & Hestholm, 2007, s. 83). I Kalbergsaka uttalte kommunedirektør Apeland at «Konfliktnivået er nå akseptabelt i forhold til andre interesser» (Sveen, 27.04.2021). Det var delte meiningar om kor vidt ein hadde oppnådd endeleg kompromiss, og nokon skreiv: «[...] spør oss selv; hvor mange arbeidsplasser må det skapes for at man skal være villige til å 'ofre' jorda. 20? 100? 300? 500?» (Rosvoll & Haarr, 28.04.2021).

Kvart argument er i utgangspunktet gyldig i berre ein verdiorden (Dromi og Illouz, s 356). Boltanski og Thévenot uttrykte bekymring over at legitimeringsmåtar som høyrer til marknadsordenen blir brukte også innan andre verdiordenar (Boltanski & Thévenot, 2006, s. 14-15). Det er viktig at me gjer argumenta og verdiane eksplisitte, for kompromiss er gyldige og sterke berre når det er semje om at det gode ein har gitt avkall på har blitt erstatta av noko betre (Boltanski & Thévenot, 2006, s. 20, 39, 338; Skarpenes & Hestholm, 2007, s. 93).

4.2.3 Intern konflikt: Korleis kan me oppnå målet?

Dersom partane har det same målet og legitimerer ut frå same verdiorden, kan det likevel oppstå usemje om verkemiddel, såkalla intern konflikt (Blok, 2013, s. 539). Selskapet Kalberg Utvikling argumenterer ut frå grøn verdiorden på heimesida: «Dette [Statnetts strømforsyning] vil gi fremtidsrettede arbeidsplasser basert på 100 prosent fornybar energi, redusere klimautslippene og føre til nye innovative løsninger i jordbruket» (Kalberg Utvikling). Syllogismen her kan vera slik: SIDAN alle vil ha eit grønt skifte, OG utbygging på Kalberg baserer seg på fornybar energi og vil redusera klimautsleppa, SÅ må me tåla å bygga ned noko natur.

Øystein Nereng, leiar i Vern Kvernaland, argumenterer også ut i frå grøn verdiorden (Nereng, 03.08.2021). Han er likevel usamd i at utbygging er eit godt verkemiddel og uttalte: «Området som han [Svein Kvernstuen i CEO Beyonder] vurderer som aktuelt på Kvernaland, er beiter/myrer med spesielt sårbar natur og blir vurdert til

regionalt/nasjonalt viktig». Som syllogisme kan det vera slik: SIDAN økologisk berekraft er eit mål i seg sjølv, OG utbygging vil øydeleggja spesielt sårbar natur, SÅ bør området ikkje byggast ut. Mens Kalberg Utvikling tilsynelatande vurderer naturen som eit gode for menneska, ser det ut til at Nereng vurderer naturen som eige mål og har «deep ecology» som rettesnor (Thévenot et al., 2000, s. 262). Dømet viser dermed både intern konflikt og ulik tolking av grøne verdiar.

4.2.4 Felles versus private godar. Open versus skjult agenda

Verdidiskusjonar handlar også om felles godar versus private godar. Private avtalar er som regel bra for dei involverte partane, men for at slike avtalar skal vera allment legitime må dei samtidig vera bra for fellesskapet (Boltanski & Thévenot, 2006, s. 336-338). Bourdieu hevdar at den dominerande klassen nyttar symbolsk makt for å ivareta eigne interesser (Aakvaag, 2008, s. 158). For å belysa dei private interessene sjekka eg eigarforholda i Kalberg Utvikling. På heimesida står det at «Bak selskapet Kalberg Utvikling AS står Kalberg Holding, Green Mountain og Stangeland Maskin» (Kalberg Utvikling). Via Proff søkte eg opp Kalberg Holding og fann at Magirus AS er største eigar. Via diverse investeringsselskap som delvis eig kvarandre, kom eg til Olav Stangeland som har 79 roller i næringslivet og Per Åge Hauge som har 67 roller. Stangeland er også mannen bak Stangeland Maskin (Proff, 2022b, 2022c, 2022d). Sjølv om eg ikkje har gått grundig inn i eigarforholda i dei ulike selskapa, vil eg peika på at private økonomiske interesser kan spela ei betydeleg rolle i denne saka. Dette er ein diskusjon som ikkje har vore framme i media.

Kor vidt me ser samanheng mellom eigarforhold, definisjonsmakt og open versus skjult agenda avheng av kva analyseomgrep me nyttar (Johannessen et al., 2018, s. 35). Er plasseringa i det sosiale rommet deterministisk for preferansane våre, slik at folk med mykje økonomisk kapital nærast ubevisst set verdiordenen marknad høgast (Rosenlund & Vassenden, 2015)? Eller er me alle kritiske og refleksive aktørar? Har Boltanski og Thévenot rett i at skjult agenda er unntaket og at alle argument blir sjekka opp mot allmenngyldige verdiar? Og at kva som er gyldige argument ikkje avheng av partane sin sosiale posisjon men av den konkrete situasjonen (Blok, 2013, s. 529-531; Boltanski & Thévenot, 2006, s. 37; Larsen, 2019, s. 42)? Slike spørsmål vil eg koma tilbake til i drøftinga.

Oppsummering av empiri – Definisjonsmakt over det gode

Eg har med Kalbergsaka vist korleis det kan vera usemje om kva mål/verdiar som er viktigast og usemje om korleis me kan oppnå desse. Eg har også peika på at partane søker å oppnå kompromiss mellom ulike verdiar, og eg har stilt spørsmål ved om argument basert på verdiordenen marknad ligg som usagte premiss.

4.3 Døme på definisjonsmakt over det rette

Det kan vera strid om kva som er rett tolking, og eg går nå over til å sjå på eristiske slutningar. Eg startar med eit kort døme som ligg utanfor natur- og klimadebatten, men som tydeleg illustrerer likskapen mellom retorikk og sensemaking. Slik retorikken peikar på at me må godta premissa for å godta konklusjonen, slik peikar sensemaking på at me må godta situasjonsdefinisjonen for å godta handlinga (Vestrheim, 2018, s. 130; Weick, 1995).

4.3.1 Putin – Situasjonsdefinisjon som premiss for handling

«Omstendighetene krever bestemt og øyeblikkelig handling.» Slik startar videoen av Putin sin tale kort tid før Russland angreip Ukraina natt til 24. februar 2022. Han uttalar også at «Målet er å beskytte folk som i åtte år har vært utsatt for folkemord av regimet i Kiev» (NRK, 24.02.2022).

Putin driv sensemaking, eller meir presist sensegiving, når han definerer situasjonen og fortel kva handling som må følga (Weick, 1995; Weick et al., 2005, s. 416). Formulert som ein syllogisme kunna det vore sagt slik: SIDAN ingen har lov å drepa, OG ukrainske statsmakter driv folkemord, SÅ må Russland gripa inn militært mot Ukraina. Putin leverer ei eristisk slutning, for den bygg på premiss det er strid om. At det har føregått eit politisk styrt folkemord er ikkje allment akseptert, slik heller ikkje konklusjonen om bruk av militærmakt mot Ukraina er allment akseptert (Vestrheim, 2018, s. 129; Weick, 1995, s. 113-115). Det er openbart strid om kva som er rett tolking og handling, men eg lar dette dømet ligga og vender tilbake til natur- og klimadebatten.

4.3.2 Er det rett å bygga bustadar i Stemmenmarka?

Som eg allereie har vist i saka om Kalbergområdet, er det strid i den politiske organisasjonen i Time kommune angående utbygging på jordbruksjord. Blant fleire andre utbyggingsprosjekt er Stemmenmarka. På heimesida til prosjektet løftar dei fram at

bustadar i Stemmenmarka er gunstig for folk som ønsker nærleik både til naturen og til sentrum (Stemmenmarka). I eit Facebook-innlegg skriv dei at «Det var det [sic] god stemning på gravestart i Stemmenmarka. [...]». Videoen i innlegget har berre tekstane «Gravingen er i gang!» og «Et landskap av bomuligheter». I videoen er representantar frå utbyggjarane saman med ordføraren ute på området. Me ser eit handtrykk mellom ordføraren og entreprenøren; ordføraren som grev i jorda med gravemaskin; representantane som klappar; grønne marker og tre. Videoen har lydspor med musikk og fuglekviser (Stemmenmarka, 29.10.2021).

I politikken er logos det viktigaste elementet, og tilhøyrarane blir leia fram til ei slutning ved hjelp av logiske resonnement (Martin, 2014, s. 58). Den strukturen manglar her, men eg vil likevel sei at det er eit argument. Ei ytring treng ikkje ha noko eksplisitt argument eller konklusjon for å vera eit forsøk på å overtala (Vestrheim, 2018, s. 131-133). I staden for å skriva mange ord har dei nytta video. Når me ser videoen, kan me sjølv laga argumenta og trekka konklusjonen (Kjeldsen, 2014, s. 28, 49-50). Om Facebook-innlegget hadde vore formulert som ein syllogisme, kunne det vore slik: SIDAN folk ønsker å bu nær både natur og by, OG gravinga tyder at me snart kan tilby eit slikt buområde, SÅ blir folk glade av gravinga. Med ein slik syllogisme ser me også samanhengen mellom tolking og handling. Ut frå deira tolking av situasjonen vil det «make sense» å grava, og gravinga blir vidare tolka som meiningsfull.

Men korleis har utbyggjarane plukka ut og vektlagt ulike element for å ha kome fram til at utbygging er den rette handlinga (Weick et al., 2005, s. 411)? Me kan følga Weick som seier at me alle er aktive aktørar som konstruerer meiningsfulle hendingar (Weick, 1995, s. 4). Alternativt kan me følga Bourdieu og anta at som eigedomsmeklar, entreprenørar og byggefirma fokuserer dei mest på korleis området kan tena næringsinteressene deira. Slik Rosenlund og Vassenden (2015) har peika på samheng mellom det sosiale rommet og preferansar, slik kan me anta at utbyggjarane sin posisjon påverkar kva element av situasjonen dei legg vekt på.

Utbyggjarane forsøker ved hjelp av sensegiving å overtyda andre om at deira tolking er rett. Det at ordføraren er med i videoen, kan vera eit retorisk verkemiddel. Ein ordførar representerer både politikarane og kommunen generelt, og ytringane hans får ekstra tyngde. Posisjon heng som nemnt saman med symbolsk makt og med etos (Johannessen et

al., 2018, s. 195; Aakvaag, 2008, s. 158), og i følge Klemsdal er leiarar i den beste posisjonen til å driva sensemaking (Klemsdal, 2013, s. 208-209). I videoen har ordføraren ei aktiv rolle med handtrykk og graving. Dette kan vera eit usagt argument om at heile kommunen, eller i alle fall dei med best innsikt, er engasjerte og positive. Innlegget har ei eristisk slutning: Konklusjonen bygg på premiss som tilsynelatande er allment aksepterte, men som det i røynda står strid om (Vestrheim, 2018, s. 129).

Striden kjem til uttrykk i eit anna Facebook-innlegg, skrevet av Bothild Åslausdotter Nordsletten. Ho er engasjert i fleire jordvernsaker og mellom anna styreleiar i organisasjonen «Redd Re og Svertingstad» (Proff, 2022a). Få dagar etter gravestart la ho ut følgjande post:

Ein vakker dag på Jæren.

Lengre vest, i Glasgow, prøver verdsleiarane å kutta klimagassutslepp. I verda elles opplever nesten 700 millionar menneske svolt. På Bryne, i nabogata mi, er dette ein framifrå dag for å byggja ned meir matjord, meir karbonlagrande myr og å kutta tre. ‘Stemmenmarka’, 50 bustadar med ‘armslag’, opnar snart for sal.

Uggent? Slapp av: ‘Vi henter ofte vår inspirasjon fra naturens stedbundne forutsetninger – noe man også vil kjenne igjen i Stemmenmarka’, seier ein av arkitektane [...]. (Nordsletten, 03.11.2021)

Ho kommenterer ikkje behovet for nye bustadar men fokuserer på behovet for å verna matjord. Me ser dermed at ho legg vekt på andre element når ho definerer situasjonen (Weick et al., 2005, s. 411). Også Nordsletten har lagt ved ein video. Me ser ein gravemaskin i arbeid på grøntområde og høyrer sauebjøller, motorsag og trafikksus. Det er ingen menneske i fokus, og videoen kan gje inntrykk av at det handlar om natur versus maskinar. Som hos Stemmenmarka manglar Nordsletten ein komplett argumentasjon, og det er heller ikkje noko klart entymem. Argumentasjonen er framført i eit uklart språk, og delar av argumentasjonen er underforstått (Vestrheim, 2018, s. 126, 131). Eg antek at dette er gjort bevisst, for ved å la mottakarane sjølv resonnera seg fram til slutninga kan ho oppnå at effekten av budskapet blir forsterka (Eide, 1999, s. 119-120).

Med ei verdibasert tilnærming, vil eg tru at Stemmenmarka og Nordsletten har ulike tolkingar av kva grønne verdiar er. Eg antar at Nordsletten med orda «Uggent? Slapp av

[...]» gjer narr av utbyggjarane sitt syn på naturen. Eg vil sei at Nordsletten nyttar Facebook-innlegget til å krevja definisjonsmakt over situasjonen og tilhøyrande handlingar. Ho argumenterer ikkje for å overtyda ein motpart, men ho driv sensegiving for å formidla meining for eit publikum (Kjeldsen, 2014, s. 73; Weick et al., 2005, s. 416). Innlegget kan få lesarane til å tenka at utbygginga handlar ikkje berre om plassering av bustadar men også om matproduksjon og klimautfordringar. Med ei slik tolking av situasjonen er utbygging ikkje rett handling.

Oppsummering av empiri – Definisjonsmakt over det rette

Både Putin, Nordsletten og Stemmenmarka argumenterte som om det er deira tolking som er den rette. I situasjonar det er strid om, kan argumentasjonen vera ein kamp om å ha definisjonsmakt over det rette.

5 Drøfting og konklusjon

Med dei føregåande døma har eg vist korleis definisjonsmakt kan vera forankra i det usagte, og eg har vist korleis me ved hjelp av syllogismar kan avdekka det usagte. Når eg nå går over til drøfting, vel eg å fokusera på korleis dei ulike teoriane utfyller og kontrasterer kvarandre. Eg seier lite om dei konkrete døma men løftar fram ulike forståingsmåtar, for korleis me tolkar empirien avheng nettopp av kva analyseomgrep me nyttar. Eg kommenterte dette undervegs for nokon av døma, og då særleg under punktet om eigarforhold i Kalbergsaka.

Definisjonsmakt inneber påverknadskraft som inneber makt til å endra, og definisjonsmakt er derfor relevant i forhold til samfunnsendringar. Bourdieu legg mest vekt på stabilitet og viser til at den dominerande klassen naturaliserer sine privilegium slik at me ikkje stiller spørsmål ved dei, og han forklarar reproduksjon med at plasseringa i det sosiale rommet sterkt påverkar preferansane våre. Når det gjeld definisjonsmakt over det sanne, har eg vist til at Haraway støttar Bourdieu sin påstand om at kunnskap heng saman med makt og posisjon (Bourdieu, 1995; Hellstrand, 2019). En skilnad er likevel at Haraway løftar fram at alle etablerte sanningar kan reforhandlast og endrast. Eg vil presisera at det å vera kritisk til kunnskapsproduksjon ikkje er identisk med å vera kritisk til fagkompetanse. Min påstand er at innsikt i kven som har skapt kunnskapen kan gjera det lettare å vurdere kva interesser fagfolka varetek og kor vidt desse interessene er sameinte med fellesskapet sine interesser.

Eg problematiserte ulike interessekonfliktar i Kalbergsaka, som var døme på definisjonsmakt over det gode. Omgrepet verdiordenar viser til at det er fleire måtar å definera det gode, og Boltanski og Thévenot (2006) bidreg slik med ei forståing som vektlegg pluralisme. Som retorikken løftar dei fram at kvar enkelt aktør har anledning til å argumentera for å overtlyda andre. Weick sitt omgrep sensemaking inneber også at kvar av oss kan reflektera, tolka og skapa mening. At alle kan reflektera betyr ikkje nødvendigvis at alle har like sterke stemmar, for som Mills har påpeika får rike, mektige folk oftare tilgang til posisjonar med stor påverknadskraft (Weick et al., 2005, s. 418). Å argumentera ved hjelp av enthymem, som forutset konsensus og forsøker å skapa det, er ei form for skjult maktutøving (Vestheim, 2018, s. 134). Dette omtalte eg i samband med definisjon av det sanne og Erna Solberg si uttale angående klimautslepp, men det er like relevant i

forhold til definisjon av det gode. Viss Bourdieu har rett i at pengesterke nyttar si symbolske makt på måtar som får fleirtalet til å ubevisst prioritera økonomiske omsyn, bør premissa deira bli avdekka om me ønsker andre prioriteringar. Dette er særleg relevant der det er mogleg konflikt mellom private og felles godar, slik eg har insinuert i saka om utbygging på Kalberg. Men viss Boltanski og Thévenot har rett i at me alle er reflekterte og kreative aktørar, kan kapitaleigarar vera like interesserte i grøn utvikling som andre. Også Bourdieu si tolking kan medføra grøn utvikling, for kulturell kapital i form av kunnskap medfører også symbolsk makt. Dette fører oss tilbake til spørsmålet om kva interesser kunnskapen tener, jamfør dømet om klimagassutslepp, og det blir uråd å koma med eintydige forklaringar på påverknadskraft.

Når det gjeld ekstern konflikt, altså usemje om kva verdiorden som er mest relevant, deler eg Boltanski og Thévenot (2006, s. 14-15) si bekymring over at marknadsargument blir gjort gyldige uavhengig av verdiordenar. Samtidig saknar eg ein mål versus middel-diskusjon i teorien deira. Dei hevdar at verdiordenane er likeverdige og sjølvstendige, men eg meiner at kvar orden også kan vera eit middel for å oppnå eit anna gode. Popularitet kan vera eit middel for å tena pengar; pengar kan vera eit middel for å få meir tid til inspirerende aktivitetar; effektivitet kan vera eit middel for å tena pengar og så vidare. Å prioritera økonomi inneber ikkje alltid å nedprioritera sivilsamfunnet, for økonomisk avkasting kan nyttast til auka velferd. Elles treng det heller ikkje vera automatikk i at private interesser kolliderer med felles interesser, for private kan tena pengar på å gjera samfunnsnyttig arbeid, men den diskusjonen går eg ikkje vidare inn på her. Poenget mitt er å oppmoda til å oftare reflektera over om pengar er eit mål eller eit middel.

I det korte dømet om Putin og elles i diskusjonen rundt Stemmenmarka såg eg på definisjonsmakt over det rette. Når me driv sensemaking plukkar me ut enkelte element av situasjonen og tolkar desse. Det kan ligga mykje påverknadskraft både i det å velga ut kva element som er viktige og i det å tolka og gje meining, då dette gjer grunnlag for handling. Å skapa meining kan me sjå i parallell til å skapa kunnskap, som Haraway omtalar, men eg tolkar dei likevel noko ulikt. Klemsdal hevdar at leiarar er i den beste posisjonen til å skapa meining (jamfør Mills sitt poeng om maktposisjonar), mens Haraway understrekar at vitskapen er situert og at ingen har eit nøytralt overblikk (Haraway, 1988; Klemsdal, 2013). Med omgrepet sensemaking har eg argumentert for at definisjonsmakt over situasjonen medfører definisjonsmakt over handlinga, men dette er ein påstand eg likevel

vil moderera. Slik det kan vera intern konflikt innan ein gitt verdiorden, slik kan det også vera usemje om kva handling som er rett i ein gitt situasjon (Eldring & Ørjasæter, 2018, s. 32-33). Dette ser me ofte i politikken, der det er ulike meiningar om korleis me bør handtera ulike situasjonar.

Døma eg har presentert er valde ut for å passa i argumentasjonsforma enthymem. Me kan også sjå samanheng mellom språk og makt ut frå val av ord og kategoriar. Med andre døme kunne eg funne slike motsetningar: Norsk olje og gass som «berande for norsk velferd» eller «den største klimautfordringa vår»; grøntområde som «udykrbar mark» eller «verdifulle økosystem» og handlingane i Ukraina som «militær spesialoperasjon» eller «krig». Sjølv om eg ikkje har gått inn på korleis slik språkbruk er med på å definera kunnskap, verdiar og situasjonar, vil eg peika på at det ligg usagt definisjonsmakt også i dei orda som er sagte.

Konklusjon

For å forstå meir om vilkår for samfunnsending har eg sett på språk og makt. Eg har undersøkt korleis definisjonsmakt kan vera forankra i det usagte, fordi språk er makt; fordi makt er dominans og påverknadskraft og fordi skjult makt er mest effektiv (Eriksson-Zetterquist et al., 2014, s. 137-138; Lukes, 2005, s. 1; NOU 2003:19, 2003). Eg har ved hjelp av det retoriske omgrepet enthymem vist at underforstått argumentasjon kan bygga på fakta, allmenngyldige verdiar eller noko det er falsk semje om. Eg har kalt det definisjonsmakt over det sanne, det gode og det rette. Dette har eg kopla med høvesvis omgrepet kontekstuell kunnskap frå Haraway, med verdiordenar frå Boltanski og Thévenot og med sensemaking frå Weick.

Med utdrag frå den offentlege samfunnsdebatten, i hovudsak natur- og klimasaker, har eg vist korleis definisjonsmakt blir utøvd i praksis. Eg har i analysen vist til ulike perspektiv på makt. Både Bourdieu, Haraway og Weick løftar fram at makt ofte er knytt opp til posisjon, og at det derfor er ubalanse i fordelinga av definisjonsmakt. Boltanski og Thévenot formidlar at definisjonsmakta er likare fordelt, for dei hevdar at det er argumenta og ikkje talaren sin posisjon som styrer påverknadskrafta. Bourdieu argumenterer for at den dominerande klassen utøver skjult makt ved å naturalisera dei mektige sine interesser, men dette blir utfordra av Boltanski og Thévenot som seier at alle er refleksive aktørar. Også Weick peikar på at alle kan reflektera, tolka og skapa meining.

Refleksjon er lettare med open argumentasjon, slik retorikken viser til at det å avdekka det usagte gjer det lettare å vurderer om me godtek premissa og konklusjonen. Maktubalanse i samfunnet kan me utjamna noko ved hjelp av retorikk, for retoriske ferdigheiter gjer oss både i stand til å uttrykka oss klarare og til å vurderer andre sin argumentasjon. Dette er ein styrke når me skal diskutera oss fram til gode og velgrunna avgjerder om korleis me skal organisera samfunnet (Kjeldsen, 2014, s. 56, 73, 139). Eg formulerer gjerne dette i ein syllogisme: SIDAN usagte definisjonar over det sanne, det gode og det rette påverkar handlingane våre, OG me berre kan endra det me er bevisste på, SÅ er det viktig å setja ord på det usagte.

Eg har vidare vist korleis me kan avdekka det usagte ved å gjera argumentasjonen komplett med to premiss og konklusjon, altså i form av syllogismar. Dei færreste har ordet syllogisme i sitt kvardagsspråk, men me kan auka refleksjonen vår ved å stilla spørsmål om kva fakta, verdiar og tolkingar som ligg til grunn for argumenta. Me kan stilla spørsmål om kven som har produsert desse fakta; kven sine interesser tener dette; kva verdiar blir ivaretekne; kva er mål og middel her og gjer dette meining? Og ikkje minst kan me oftare spør om *kvifor*. Eg tenker at særleg journalistar har eit ansvar for å auka refleksjonsevna vår gjennom kritisk journalistikk, ved å presentera fakta på fleire måtar og ved å problematisera mål versus middel.

Apropos refleksjonsevne: Kanskje eg kasta stein i glashus då eg kritiserte Eriksen som antyda at dei som var usamde med han mangla kunnskap? Kanskje eg gjer som han når eg påstår at det å avdekka det usagte medfører auka refleksjon og endra handlingar? Ja, kanskje, men med grunnlag i teoriane om skjult makt vågar eg likevel å oppretthalda påstanden min. Eg trur ikkje at det finst nøytral kunnskap som kan gje oss nøytrale svar, så eg meiner at me i tillegg til å vurderer fakta må reflektera over kva som har verdi og kva som gjer meining. Å undersøka korleis folk faktisk reflekterer over usagte argument har ikkje vore ein del av denne oppgåva, men det kunne vore tema for vidare studiar. Sjølv om dette er vanskeleg å måla, så kunne gruppeintervju gitt ein peikepinn på korleis folk les mellom linjene. I tillegg kunne det vore nyttig å undersøka korleis opplæring i kritisk tenking skjer i dag, frå barnehage til universitet, for å finna ut kor opplæringa eventuelt kunne vore betre. Ei slik undersøking ville inkludert tilbakemelding til dei som lagar

rammeplanar for opplæring, for å minna om kor viktig refleksjon og kritisk tankegang er for samfunnsutviklinga.

6 Referanseliste

- Asdal, K., Berg, A.-J., Brenna, B., Moser, I. & Rustad, L. M. (1998). *Betatt av viten. Bruksanvisninger til Donna Haraway*. Spartacus Forlag A/S.
- Blok, A. (2013). Fransk pragmatisk sosiologi: Boltanski, Thévenot, Latour. I H. Andersen & L. B. Kaspersen (Red.), *Klassisk og moderne samfundsteori*. Hans Reizels forlag.
- Boltanski, L. & Thévenot, L. (2006). *On justification. Economies of worth*. Princeton University Press.
- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Pax Forlag.
- Bratberg, Ø. (2018). *Tekstanalyse for samfunnsvitere*. Cappelen Damm Akademisk.
- Eide, T. (1999). *Retorisk leksikon*. Spartacus forlag AS.
- Eldring, L. & Ørjasæter, E. (2018). *Løsarbeidersamfunnet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Eriksson-Zetterquist, U., Kalling, T., Styhre, A. & Woll, K. (2014). *Organisasjonsteori*. Cappelen Damm Akademisk.
- Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet. En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Hansen, S. (11.11.2021). Her kutter Coop 70 årsverk: - Fortvilt. Henta 25.02.2022, frå <https://nogo.retriever-info.com/prod?a=2879&d=01699620211111342706027&s=16996&sa=1002719&x=37ee34edf41cc96c80c7e565f9dfb342&tz=Europe/Oslo&t=1645795590>
- Haraway, D. (1988). Situated Knowledges: The Science Question in Feminism and the Privilege of Partial Perspective. *Feminist Studies*, 14(3), 575-599.
- Haugaard, M. (2003). Reflections on Seven Ways of Creating Power. *European Journal of Social Theory*, 6(1), 87-113.
<https://journals.sagepub.com/doi/abs/10.1177/1368431003006001562>
- Hellstrand, I. F. (2019). *Å fortelle verden: Donna Haraways tverrvitenskapelige prosjekt*. Henta 11.03.2021 frå <https://www.salongen.no/16023-2/>
- Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W. & Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Universitetsforlaget AS.
- Kalberg Utvikling. *Utvikling av Kalberg*. Kalberg Utvikling. Henta 25.03.2022 frå <https://kalbergutvikling.no/>
- Kjeldsen, J. E. (2014). *Hva er retorikk*. Universitetsforlaget.

- Klemsdal, L. (2013). *Hva trenger vi ledere til? Organisering og ledelse i komplekse arbeidssituasjoner*. Gyldendal Akademisk.
- Larsen, H. (2019). *Den nye kultursosiologien* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Lukes, S. (2005). *Power. A radical view. Second Edition*. Palgrave Macmillan.
- Martin, J. (2014). *Politics and Rhetoric. A critical introduction*. Routledge.
- Myrset, O. & Vikingstad, J. (31.08.2021). Norsk olje og gass-rapport: Globale klimagassutslipp kan øke ved norsk produksjonskutt. Henta 10.02.2022, frå <https://e24.no/olje-og-energi/i/7KBd6V/norsk-olje-og-gass-rapport-globale-klimagassutslipp-kan-oeke-ved-norsk-produksjonskutt>
- Nereng, Ø. (03.08.2021). Ureint trav om datasenter og batterifabriker. Henta 25.02.2022, frå <https://www.aftenbladet.no/meninger/debatt/i/KpgQBG/ureint-trav-om-datasenter-og-batterifabriker>
- Nordsletten, B. Å. (03.11.2021). *[Ein vakker dag på Jæren]*Facebook. Henta 02.02.2022 frå <https://www.facebook.com/508568331/videos/614021793289006/>
- NOU 2003:19. (2003). *Makt og demokrati*. Arbeids- og administrasjonsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/316f4765f7c44a2c8def9dcd5da8f30/nou/nou200320030019000dddpdfs.pdf>
- NRK. (16.08.2021). *Partilederdebat i Arendal. Valg 2021*. <https://tv.nrk.no/serie/valg-2021/202108/NNFA80000221/avspiller>
- NRK. (24.02.2022). *Putin om militæroperasjonen i Ukraina: - Det vil bli konsekvenser man aldri før har sett* nrk.no, NRK. https://www.nrk.no/video/putin-om-militaeroperasjonen-i-ukraina---det-vil-bli-konsekvenser-man-aldri-for-har-sett_660db99a-ae74-4d1f-ad89-6110f1aba5df
- NTB. (31.08.2021). Omstridt oljerapport spår økte utslipp ved kutt i norsk gass. Henta 08.03.2022, frå <https://www.dagsavisen.no/nyheter/innenriks/2021/08/31/oljerapport-kutt-i-produksjonen-pa-norsk-sokkel-gir-trolig-okte-globale-utslipp/>
- Proff. (2022a). *Bothild Åslaugsdotter Nordsletten*. Proff. Henta 25.03.2022 frå <https://www.proff.no/rolle/bothild-%C3%A5slaugsdotter-nordsletten/bryne/75895/>
- Proff. (2022b). *Kalberg Holding*. Proff. Henta 12.04.2022 frå <https://www.proff.no/aksjon%C3%A6rer/bedrift/kalberg-holding-as/927656701>
- Proff. (2022c). *Olav Stangeland*. Proff. Henta 12.04.2022 frå <https://www.proff.no/aksjon%C3%A6rer/person/olav-stangeland/1576339>

- Proff. (2022d). *Per Åge Hauge*. Proff. Henta 03.05.2022 frå <https://www.proff.no/aksjon%C3%A6rer/person/per-%C3%A5ge-hauge/1543191>
- Rienecker, L. & Jørgensen, P. S. (2013). *Den gode oppgaven. Håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole*. Fagbokforlaget.
- Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Fagbokforlaget.
- Rosenlund, L. & Prieur, A. (2006). Det sociale rum, livsstilenes rum - og La Distinction. I A. Prieur & C. Sestoft (Red.), *Pierre Bourdieu - En introduktion*. Hans Reitzels forlag.
- Rosenlund, L. & Vassenden, A. (2015). Fra ett til flere hierarkier, og en fortelling om dominerende livstiler og kulturer i Stavanger. I N. A. Bergsgard & A. Vassenden (Red.), *Hva har oljen gjort med oss?* Cappelen Damm.
- Rosvoll, E. & Haarr, S. (28.04.2021, 29.03.2022). «Grønn» industri på Kalberg/Kvernaland. <https://nogo.retriever-info.com/prod?a=2879&d=05510420210428dd800a71a182e13925cbaa2b61b3c357&s=55104&sa=1002719&x=d7f31d0f53c976380115fb2d2321928f&tz=Europe/Oslo&t=1647516883>
- Sanner, M. B. (31.08.2021). Globale klimautslipp øker ved norsk produksjonskutt. Henta 08.03.2022, frå <https://www.norskoljeoggass.no/om-oss/nyheter/2021/08/globale-klimautslipp-oket-ved-norsk-produksjonskutt/>
- Skarpenes, O. & Hestholm, R. (2007). Den "nye" franske pragmatikken. *Sosiologisk årbok*, Nr. 1-2, 71-102.
- Stemmenmarka. *Området*. Henta 25.03.2022 frå <https://www.stemmenmarka.no/omradet>
- Stemmenmarka. (29.10.2021). *[God stemning på gravestart i Stemmenmarka]*Facebook. Henta 02.02.2022 frå <https://fb.watch/aW1F1RSGeo/>
- Sveen, G. (15.12.2020). Datasenter i Time gikk videre med 15 mot 12 stemmer. Henta 16.03.2022, frå <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/39BgJd/datasenter-i-time-gikk-videre-med-15-mot-12-stemmer>
- Sveen, G. (27.04.2021). Time sa nei til Kalberg-planene, men det blir likevel ja. Henta 25.03.2022, frå <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/AlnwKA/time-sa-nei-til-kalberg-planene-men-det-blir-likevel-ja>
- Thévenot, L., Moody, M. & Lafaye, C. (2000). Forms of valuing nature: arguments and modes of justification in French and American environmental disputes. I M.

- Lamont & L. Thévenot (Red.), *Rethinking comparative cultural sociology* (s. 229-272). Cambridge University Press.
- Topdahl, R. C., Rommetveit, A. & Kirkaune, E. (01.11.2021). Slik går Norge fra å være miniputt til gigant på klimastatistikken. Henta 24.11.2021, frå <https://www.nrk.no/klima/xl/norske-co-utslipp-slik-gar-norge-fra-a-vaere-miniputt-til-gigant-pa-klimastatistikken-1.15600846>
- Vestrheim, G. (2018). *Klassisk retorikk*. Dreyers forlag.
- Weick, K. E. (1995). *Sensemaking in Organizations*. SAGE Publications.
- Weick, K. E., Sutcliffe, K. M. & Obstfeld, D. (2005). Organizing and the Process of Sensemaking. *Organization Science*, 16(4), 409-421.
- Wig, K., Brunborg, I. & Moe, S. (17.08.2021). Solvang konfronterte MDG med rapport bestilt av oljelobbyen. Henta 29.03.2022, frå <https://e24.no/olje-og-energi/i/KzL225/solvang-konfronterte-mdg-med-rapport-bestilt-av-oljelobbyen>
- Aakvaag, G. C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Abstrakt forlag AS.